

# ÅRSMØTE I

## HORDALAND FOLKEMUSIKKLAG 2020

Tid: Laurdag 7.mars , kl. 19:00

Stad: Møterom Strandebarm skule, Strandebarm

Sakliste:

### 1. Namneopprop:

Desse møtte:

Alexander Aga Røynstrand, Styreleiar i HFL og repr.frå Hardanger spelemannslag

Per Øyvind Tveiten, Styremedlem og repr.frå Kvemmingen spel-og dansarlag

Ragnar Birkenes, Bygdedanslaget i Bjørgvin

Brit Sørland, Bygdedanslaget i Bjørgvin

Silje Solberg, Osterøy spel-og dansarlag , og repr.frå styret i FolkOrg

Gjester: Knut David Hustveit, styreleiar i Sogn og Fjordane folkemusikklag

### 2. Godkjenning av innkalling:

Godkjend med merknad: Stad og dato er gjort kjend som del av innbyding til Hordakapleiken, men eiga innkalling er ikkje send laga. Årsmøtet påpeikar at det skal gjerast.

### 3. Godkjenning av sakliste:

Godkjend med slik korreksjon:

- Rekneskap blir lagt fram utan revisjon
- Årsmeldinga gjeld 2019
- Arbeidsprogrammet gjeld 2020

### 4. Val av møtereferent:

Per Øyvind Tveiten vart vald til møtereferent

### 5. Val møteleiar:

Alexander A. Røynstrand vart vald til møteleiar

### 6. Val av to protokollunderskrivarar:

Silje Solberg og Ragnar Birkenes vart vald til protokollunderskrivarar

### 7. Årsmelding :

Årsmelding for 2019 var godkjend med to korreksjonar:

- Åslaug Timenes Bell (styremedlem) er medlem i Audhilds, ikkje i Osterøy spel-og dansarlag
- Under tilskotsoversikta er søkjar «juniorsamling» ikkje BUL Ervingen men Nordhordland spel-og dansarlag
- 8. Rekneskap for 2019:  
Rekneskapet vart godkjend, med slik merknad: Revidert rekneskap blir sendt laga. Årsmøtet ynskjer og at budsjett 2021 blir justert og sendt ut.
- 9. Innmelde saker: Det var ingen innmelde saker
- 10. Arbeidsprogram for 2020:  
Arbeidsprogram for 2020 vart godkjend
- 11. Fastsetjing av kontingent for 2021:  
Kontingent for 2021 vart vedteken å vera som for 2020
- 12. Val:  
Desse vart valde:

Leiar: Alexander Aga Røynstrand. Vald med akklamasjon  
(Styremedlem Per Øyvind Tveiten – ikkje på val, 1 år att)  
(Styremedlem Åslaug Timenes Bell – ikkje på val, 1 år att)

Vara:

Irene Bjørke – attval (1 år). Vald med akklamasjon  
Silje Solberg – attval (1 år). «

Revisorar:


Anne-Marie Øydvin- attval (1 år) Vald med akklamasjon  
Ragnar Birkenes . attval (1 år) «

Valnemnd:


Valnemnda for 2020 vart valde også for 2021:  
John Haugen og Kristoffer Kleiveland vart valde til valnemnd  
Valde med akklamasjon.

orienteringar i møte:


Silje Solberg orienterte om FolkOrg og arbeidet der  
Knut David Hustveit orienterte om arbeidet i Sogn og Fjordane folkemusikklag, og det var ordskifte om samarbeidet mellom Folkemusikkklaga. Arbeidet vil halda fram, første konkrete hending er ei samordning av søknad til Vestland fylke vedr.driftsstønad 2021.



Per Øyvind Tveiten  
Referent



Silje Solberg  
protokollunderskrivar



Ragnar Birkenes  
protokollunderskrivar